

Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*




Fotograf Marit Skredsgård, Gol

1.rekke: Matilde Ødegaard, Åsne Vik Hamre, Sigrid A. Garvik, Stine Jarstadmarken, Mia Leirhol

2.rekke: Prest Ola Døhl, Julia Olsen Johme, Irene Stensrud Trøen, Yvonne Lisjordet, Aila Brenna, prest Terje Eklund

3.rekke: Lars Erik Viste, Andris Løken Helle, Marius A. Trøen, Ørjan Solberg, Andreas Hjellebråten Rødningen, Simen Lyngstad

4.rekke: Marius Odin Løvlie, Simen Berget Håkerud, Patrick Kvale, Henrik Holten Riste



På andaktens plass velger vi i dette nummeret å dele noen ord, alvorlige og «skjelmske» og kaller dem

Ord underveis, mens vi lever:

«Det viktigste tidspunktet er alltid det nåværende. Den viktigste personen er den som sitter rett overfor deg akkurat nå. Det mest nødvendige er alltid KJÆRLIGHET.»

MESTER ECKHART

«NÅDEN får oss til å kaste frakker og masker og fasader, slutte å sammenligne. Til å åpne opp, by på oss selv, invitere andre inn.»

SUNNIVA GYLVER

«MAKT trenger du hvis du planlegger noe ondt. For alt annet rekker kjærlighet.»

CHARLIE CHAPLIN

«Det viktigste i livet er ikke å være korrekt, men et LEVENDE menneske»

KARSTEN ISACHSEN

«Hvis vi føler oss SETT, ivaretatt og anerkjent i vårt arbeid i den lokale kirken, kan det fort vise seg å smitte over.»

SUNNIVA GYLVER

«LIVET blir enklere når man tar manglende ros som tegn på stum beundring.»

UKJENT

«Vi er ikke lykkelige for vi vet ikke hva vi skal gjøre med livet vårt, og vi er ikke ulykkelige, for materielt sett har vi alt vi trenger. I stedet er vi triste fordi alt er KOMMERSIELT og på vei nedover, og nivået blir dårligere.»

DOMINIQUE JANSENS

«KRISTENDOMMEN er en del av oss og vår tradisjon. Man kan ikke klage over at den forsvinner, dersom man selv er en del av tilintetgjørelsen.»

LAILA DIDRIKSEN

«RESPEKTERE kommer av re-spectare (latin) som betyr å se en gang til.»

KJELL ARNOLD OG OLE JACOB NYHUS

(I boka: «Kristen tro oppdatert»)

Sundagsmorgen i slåtten heime

Vakne og vita
det er sundag –
alt ferdig
reint og
rett

Heile dagen å eige
for seg sjølv
Rive og ljå
kviler idag
Ei høybreie til
helgaturk

Onnefolka
før til støls

Ingen bjølleklunk
i hestehagen

Men kyrkjeklokka kallar
ivarm sommarluft.

MARIT MYHRE



«Kirka er alltid der»

sier den nye kirkevergen, Veslemøy Kvamme, og smiler.

Hun er døpt Veslemøy og er faktisk også «mager og mørk og mjå» for å sitere Garborg. I tillegg har hun et vakkert og klingende feminint språk med bløde konsonanter. Så er hun også fra Søgne, vest for Kristiansand.

Der levde hun en fin og aktiv barndom blant mange søsken og husker godt de varme blå – og rosafargene i kirkerommet i Søgne hovedkirke der hun ble døpt. Men mere husker hun alt som skjedde av sangkor, minikor, barneforeninger, leir og annen moro som hun forbandt med kirke den gangen, men som kanskje ikke er så vanlig her oppover lenger.

Nå bor hun i Grefsrød med samboer Ole og to barn, Ola og Hanna, som begge går på søndagsskolen i Røn. Kirka er alltid der, sier Veslemøy. Det vil jeg at ungene mine skal vite. En trygghet jeg selv har hatt og håper ungene mine også kan få. Jeg håper de får et rom inni seg til å reflektere over tvil og tro. Som mamma ønsker jeg nok gjerne å gi dem noen byggesteiner med på veien.

Veien til Valdres har vært lang, som veien til jobben som kirkeverge har vært det. Men nå er hun her! Hun er utdannet lærer med grunnfag i musikk og mellomfag i både norsk og kristendom/religion. Attpå til liker hun å synge! Alt dette er jo et fenomenalt pluss for kirka her i Slidre, men det er jo først og fremst en kontorjobb hun har søkt, som også innehar en lederfunksjon.

Hun får mye med kirker og gravplasser å gjøre, blir kirkas ansikt utad og møter mennesker i glede og sorg. Hun blir medlem av Fellesrådet og har eget ansvar der, leder i kirkestaben m.m.

«Hvordan kom du til å söke jobben som kirkeverge,» spør vi.

«Jeg liker å jobbe med mennesker, ønsker nye utfordringer, har erfaring fra ledelse og så ble jeg oppfordret til å söke. Jeg har møtt mye positivt i møte med den tanken. Jeg sitter i soknerådet for perioden og har i denne sammenheng også fått et inntrykk av prest, kirke, søndagskole, kirkeblad og kirkestab som noe jeg kunne tenke meg å gå i møte. At Elisabeth Myhre, tidligere kirkeverge, så tydelig sier og mener at jeg må finne min egen vei i dette arbeidet, er også noe som peker i rett retning for meg. Jeg syns også jeg kjenner kirka både utenfra og innenfra nå, gjennom veiene jeg har gått i livet, og det tror jeg er en erfaring som kommer godt med. Jeg har dessuten erfaringer med å lede, har hatt eget firma og vært leder med flere ansatte. Så ble det slik da», smiler hun.



Jeg synes jeg ser en sammenheng mellom veier jeg har gått og at jeg nå skal inn i dette.

«Liker du å lede,» spør vi. «Ja, men jeg tenker også på arbeidet som en samhandling, at det er noe vi skal gjøre sammen.»

«Hva gleder du deg til akkurat nå?»

«Jeg ser fram til å komme i gang og skaffe meg oversikt over et stort område. Jeg ser for meg en variert hverdag som jeg i stor grad kan styre selv. Jeg vil gjerne arbeide i ei kirke som er raus og åpen. Terskelen må ikke være for høy. Høytid er viktig, men en skal også slappe av i kirkerommet. Det er viktig for meg at en ikke må være slik eller slik for å gå i kirka eller være en del av den. Det syns jeg snevrer litt inn. I det hele tatt må referanser til kirka være der for at folk skal söke dit,» tror Veslemøy. Det er det vi i kirka sammen må finne ut av. Hvordan kan vi være ulike referanser som fører ulike folk til den? For meg vil kirka alltid være der, for jeg har møtt den, men hva med dem som ikke har møtt den ennå,» spør Veslemøy Kvamme og er med ett blitt vår nye kirkeverge fra 1. juli 2017.

Velkommen skal du være, Veslemøy!

Heidi Bergsbakken

tar imot oss på kyrkjekontoret ein dag i midten av juni. Vi har spurt om ein samtale for å presentere henne og stillingane ho nett har tiltrett.

Ho fortel at ho er tilsett i to stillingar – 20% som kontorfullmektig og 20% i trusopplæring, og akkurat no gjer ho ein del av arbeidet til den nye kyrkjeverja, som tiltrer først i juli.

– Eg gjer ting eg ikkje kan, og det tar tid, for eg må gå over ting minst tre gonger. No har eg m.a. betalt rekningar og løn – eg er redd for å gjere feil. Heldigvis har eg jobba med det same reknaksapsprogrammet i Nord-Aurdal, så sjølv om det er fleire år sidan, hugsar eg ein del av det. Det skal bli godt når kyrkjeverja er på plass, då kan eg konsentrere meg om det som står på stillingsinstruksen min.

Heidi bur med to barn, eller ungdomar, er vel rettare å seie; Juliane er 17½ og Trygve er 16½, pluss to katter ved Einangsundet i huset bestemora hadde – der har dei budd sidan 2000. Heidi vaks opp i Vestre Slidre – utanom nokre få år på Raufoss og i Vang har ho budd i Slidre for det meste, når ho ikkje har studert då.

Heidi er utdanna allmennlærar med grunnfag i musikk, engelsk og pedagogikk. Musikken har alltid betydd mykje for Heidi. Ho har i mange år vore med i kor og korps – spelar i Røn musikklag og syng i Øystre Slidre sanglag ved sida av å synge solo både i kyrkjer og på andre arrangement. Songen øvde ho på i Slidredomen, fortel ho,

– Elisabeth Myhre har vore fantastisk med meg – eg fekk nøkkel til kyrkja, så eg fekk øve når eg ville. Eg



var forresten klokkar der då eg var 17 år, legg ho til. Ikkje rart at Slidredomen betyr noko heilt spesielt for henne.

– Tenk om kulturskuleelevar og andre musikarar kunne øve i kyrkja når ho er open om sommaren. Det ville gjere møtet med kyrkja til noko heilt spesielt for dei besøkande, og elevane, ville lære kyrkja betre å kjenne. Det er godt å bli møtt av nokon i ei kyrkje, seier Heidi. Ho har vore innom mange, og seier at det er ikkje så moro å kome til ei kyrkje når vakta sit og strikkar utan å sjå opp. Nei, slik må det ikkje vere. Det er viktig som vakt eller guide i kyrkja å sjå dei som kjem og ønske dei velkomne. – Legg bort strikketøyet når det kjem folk! oppfordrar ho.

Ved å ha vore rundt omkring i så mange kyrkjer har eg og blitt kjent med mange prestar og organistar – det trur eg kan vere ein fordel i jobben og gjere det noko lettare her på kyrkjekontoret.

Heidi har brei kompetanse både når det gjeld jobb og utdanning. Ho har sosialpedagogikk og småbarnspedagogikk, og har drive privat barnehage. Då ho var rektor ved Ulnes skule, måtte ho vere med å leggje han ned – ho var også den første rektoren då Montessoriskulen starta opp i Skrautvål.



Dessutan har ho etterutdanna seg noko ved Menighetsfakultetet – ho håper det kan hjelpe henne i trusopplæringsarbeidet.

Det er laga ein felles trusopplæringsplan for heile Valdres administrert frå Etnedal. Der står det at arbeidsgivaransvarleg er Etnedal kyrkjeleg fellesråd og at tenestestaden hennes er Vestre Slidre.

Vi skjønner at det kan vere vanskeleg å seie så mykje om kva Heidi tenker om jobben, men vi spør likevel

– Berre eg får oversikt, skal det bli spennande, eg gler meg til å ta fatt på arbeidet. Første punkt av ni i innstruksen for stillinga som kontorfullmektig er å føre kyrkjebok over dåp, konfirmasjon, vigsel, inn/utmelding og jordfesting. No førast desse bøkene elektronisk, men dei gamle kyrkjebøkene som er skrivne for hand, skal også over i E-bok. Eg håper eg får tid til å arbeide ein del med dette, synest det er spennande. Elles er det mykje anna som må gå føre.



Når det gjeld trusopplæringsarbeidet er ei av fleire hovedoppgåver å vere aktiv pådrivar i sokna sitt trusopplæringsarbeid. Heidi var i full gang med den jobben på Tweencamp. Vi ønskjer Heidi velkommen!



Altarduken i Røn kyrkje



Det er ein vakker linduk brodert med korssting som no stasar opp altaret i Røn kyrkje. Altarduken som låg der tidlegare var slete, og farga på mønsteret var nesten borte.

Kari Røn har brodert den nye duken, og vi har fått prate litt med ho om denne prosessen. «Eg sa ja til å brodere ein duk viss eg ikkje hadde tidspress på meg», seier Kari. På spørsmål om kor lang tid ho brukte på å brodere duken, leitar ho frem svaret i dagboka si; «ca halvanna år», er svaret.

Då ho skulle starte arbeidet rådførte ho seg med Marit Anny på Vevstogo om oppskrift på ein slik duk. Rådet ho fekk var å kopiere mønsteret på duken som allereie låg der, då ho ikkje ville kunne finne mønster på ein slik duk nokon stad. «Det var krevjande å sy så smått, så eg måtte legge det bort og ha pausar innimellom», seier Kari. Vi er takksame for at Kari gjorde dette arbeidet for Røn kyrkje, og vonar og trur denne duken vil ligge der heil og fin lenge!

Martin Luther

– reformator og salmediktar

I år er det 500 år sidan Martin Luther (1483-1546), i alle fall i følgje historia, slo opp dei 95 tesene sine på slottsdøra i Wittenberg. Dette blir rekna som startskotet på reformasjonen, og difor markere kyrkja i Valdres denne hendinga i år med ein festkonsert i Tingnes kyrkje 29. oktober.

I tesene og i alt det Luther skreiv av teologi, gjekk han til åtak på kyrkja han var ein del av. For Luther var det heilt vesentleg at frelsa ikkje var noko mennesket kunne gjere seg fortent til, men noko hen fekk som gavé frå Gud. Difor gjekk han, som mange andre, til angrep på avlatspraksisen i kyrkja. Dette gjekk kort fortalt ut på at det gjekk an å betale ein prest for å halde ei sjelemesse for avdøde slektingar slik at sjela deira kunne koma seg fortare gjennom reinsinga i skjærselden og til himmelen. Luther hevda at mennesket ikkje trengde ei slik reinsing, men at hen ved Guds nåde og Kristi offer kunne koma rett til himmelen. Mennesket trengde ikkje å bli betre, for Gud hadde allereie ordna opp. Det einaste mennesket trengde å gjere, var å tru at dette er sant. Seinare gjekk Luther til åtak på hierarkiet innan kyrkja. Eit kvart menneske var i prinsippet sin eigen prest, meinte han, og han fjerna også fem av dei sju sakramenta, slik at vi i dag berre har to sakrament, dåp og nattverd, i den lutherske kyrkja.

Åtaket på den sentrale kyrkjemakta gjorde til at Luther vart utestengd frå kyrkja i 1521. Han vart fritt vilt, men han hadde mektige støttespelarar i dei små sjølvstendige keiserdøma i Tyskland. Då han under riksdagen i Worms nekta å ta attende det han hadde skrive og sagt, vart han smugla inn på borgen Wartburg av fyrsten Fredrik den vise av Sachsen, der levde han i skjul i ti månader. Her starta arbeidet med å etablere den lutherske kyrkja. Luther omsette heile Bibelen frå gresk og hebraisk til eit for den tida moderne tysk. Han var ein språkkunstnar, og ein seier at denne omsetjinga er det viktigaste verket i tysk språkhistorie.

Då Luther kom ut frå Wartburg, busette han seg i Wittenberg, som vart sentrum for den lutherske reformasjonen. Han byrja å skrive salmar. I motsetning til andre av dei viktigaste reformatorane i Europa, Ulrich Zwingli og Jean Calvin, hadde Luther eit svært positivt syn på musikk, som han såg som Guds gode gavé, ein del av skaparverket, veleigna til å gjere mennesket glade og drive Satan sjølv på flukt. Salmen vart viktig for Luther fordi han meinte at salmen i sin kombinasjon av musikk og tekst, kunne forkynde evangeliet både til hovud og hjarta og samstundes vere eit middel til å takke Gud. Salmetekstane hans er ofte prega av tanken om at mennesket sjølv er prega av

arvesynda og ute av stand til å oppnå frelsa. Løysinga på dette, er at Gud har teke på seg straffa, og når mennesket høyrer evangeliet og skjøner dette, så kan det ikkje anna enn å bryte ut i takkesong.

Luther henta materiale og inspirasjon til salmane sine frå fleire kjelder. Den mest kjente salmen hans, «Vår Gud han er så fast ei borg» er eit døme på at Luther har henta ut tekstar frå Salmane i *Bibelen* og skrive dei om til strofer med enderim. Sjølv om Luther måtte bryte med den katolske kyrkja, så tok han med seg mykje derfrå. Ein kan av og til høre at Luther var den som fann opp salmesangen på morsmålet. Det stemmer ikkje, i mellomalderen var det vanleg med songar med ikkje-bibelsk tekst både i og utanfor messa. Denne songen var både på latin og folkespråket, og Luther henta songar frå både desse tradisjonane og om arbeidde dei til eige bruk. Han omsette fleire gamle salmar, som til dømes «Folkefrelsar til oss kom», «Eg synger jolekvad» eller «Kom, Ande med di skaparmakt» og han omarbeidde andre middelaldersangar, mellom anna påskesalmen «Den Herre Krist i dødens bånd». I tillegg til desse tekstane skreiv Luther også heilt nye tekstar, som «Gud, hold oss oppe ved ditt ord» eller «Frå høge himmel kjem eg her». Luther var også ein dyktig musikar. Han trakterte lutten og song godt. Han har tradisjonelt vore rekna som komponist til mange av melodiane som har hørt til salmetekstane sine, men forskinga i dag er forsiktig med å trekke for klare konklusjonar om dette. Den einaste melodien ein er rimeleg sikker på at han har skrive, er «Vår Gud han er så fast en borg».

I et år der vi skal markere Luther og reformasjonen hans, er det mange spørsmål ein kan stille seg. For det fyrste: Er det verdt å feire dette i det heile? Kyrkja vart splitta, og ho er det framleis, trass i forsøk på å finne saman att. Og Luther hadde sine problematiske trekk. For det første hadde han eit ganske negativt syn på kva mennesket var i stand til på eiga hand, og ikkje minst har han vore problematisk andsynes jødane. På slutten av livet, i ei uroleg tid i Europa, gjekk han til krasse åtak på jødane og meinte mellom anna at synagogane deira burde brennast fordi dei jødiske lærarane dreiv med katastrofal vranglære.

Det har gått 500 år sidan Luther levde, og det merkar ein. Luthers salmar er gradvis mindre og mindre i bruk, noko eg trur har med å gjere at verdsbiletet har forandra seg enormt mykje på 500 år. Vi lever ikkje lenger i ei verd der den eksistensielle helvetesangsten gjer seg sterkt gjeldande, og vi har i det store og det heile eit meir positivt syn på kva mennesket er i stand til på eiga hand. Men Luther har hatt



Martin Luther leier songen heime i sin eigen familie

enorm innverknad på europeisk historie, både medan han levde og etterpå, så det i seg sjølv gjer det vel verdt å markere året.

Og ikkje minst vil eg for min del legge vekt på at reformasjonen er ei viktig hending i musikkhistoria. Fordi Luther var positiv til musikk i det heile og rydda vegen for ein sterk songtradisjon i kyrkja, har han fått stor innverknad. Den lutherske salmesongen ligg næraast som grunnmuren i all den flott kyrkjemusikken som er skapt i Nord-Europa dei siste 500 åra. Organistar og komponistar har skrive enormt mykje musikk med utgangspunkt i salmane, frå små orgelforspel til salmane til kantater og store oratorium. Eg skal ikkje påstå at Bach ikkje hadde vore komponist utan Luther, men utan salmesongen, hadde i alle fall komposisjonane hans vore noko heilt anna. Derfor har

kyrkja i Valdres bestemt å markere reformasjonen med ein jubileumskonsert, med tittelen «Vår Gud han er så fast en borg» i Tingnes kyrkje, 29. oktober. Der framfører eit prosjektkor, Valdresstrykarane og songsolistar musikk av Bach, Buxtehude og Mendelssohn, komposisjonar som alle på kvart sitt vis tek utgangspunkt i Luther-tekstar. Vi håpar så mange som mogleg har lyst til å kome og høre på og delta i reformasjonsmarkeringa denne kvelden.

Are Alund



Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos: **Lomen:** Lomen Auto, soknerådsmedlemmar
 Slidre: Coop Slidre
 Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusoplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos: **Lomen:** Joker Ryfoss, soknerådsmedlemmar
 Slidre: Coop Slidre
 Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

TWEENCAMP

23.-25. juni 2017

Den begynner kl. 17.00 fredag med registrering, og slutter to døgn senere på ettermiddagen. Det er Ola og Cecilie-presteparet vårt i prestegarden- som driver det hele, men med god hjelp av ungdomslederne som de sammen har «utdannet». Sokneråd, frivillige, kirkeansatte og foreldre gjør også en solid innsats Men det er Ola og Cecilie som driver det. Det er DE som brenner. Det er godt å være sammen med folk som har så positivt menneskesyn, arbeider for så gode verdier og virkelig bryr seg om menneskene rundt seg. Den varmen er vanskelig å avvise!

Og det er helt utrolig hva de får til. Riktignok tar Cecilie seg fri fra legejobben sin for å få det til, og det har lenge vært unntakstilstand i hjemmet deres med alle små og store ting som må være på plass. Men nå er den altså gjenomført for femte gang, denne hovedsatsinga i kirka i Vestre Slidre for barn og unge, Tween som de heter, en forkortelse for between, altså barn i aldersgruppa mellom 9 og 13 år- en egen betegnelse i USA.

I år var temaet «Gud, verdas beste far», med pilegrims-vandringer der de bl.a. møter personer fra bibelen som møtte Jesus og ser hvordan dette har endret dem. Etterpå møtes de ved døpefonten f.eks, for å lære å slå korsets tegn med vann og få vite at historien om disse møtene med Peter, Maria, Sakkeus, den bortkomne sønnen o.s.v ikke bare er noe som hendte for 2000 år siden. Det er noe vi kan oppleve i våre dager også, om enn i andre former. Det handler om her og nå, sier Ola prest til dem.



Videre er det lysmesser med ulike stasjoner, der de kan tenne lys for en de tenker på, skrive en bønn som skal inn i ballongene de sender opp til Gud under barnas festgudstjeneste, og det er leik, vennskap med klemmekø, høyt aktivitetsnivå på alle måter, med masker og utkledning og innimellom også høy musikk! Det er Sommer OL, kick off, grupper, leirdans, rapping og mye mer.





Gammelbakka – kirkeveien mellom Begnadalen og Hedalen

Sju måneder som prost i fast stilling har jeg bak meg (i skrivende stund, red. anm.). Mange gjøremål, mange møter, mange samtaler. Jeg trives med oppgavene. Og jeg ser at det kan bli mye stillesitting for å få løst alle spørsmål som dukker opp. Derfor er jeg glad jeg startet prostetilværelsen med en solid dose bevegelse. Ei hel uke med vandring i Valdres, gjennom grender, innom kirker, gode overnattinger, trivelige møter underveis. Vandringen har gitt gode minner, som stadig virker som pådriver på det jeg har tatt fram i en del sammenhenger; Vi må beholde vår gamle måte å snakke om kirkegang på. «Gå åt kyrkjun» heter det i Vang, men vi kan vel modernisere såpass at vi sier; «gå

til kirke». Jeg drømmer om at vi i større grad kan la bilen stå hjemme, eller parkeres et stykke fra kirkehuset. Så går en til fots, eller kanskje på ski, eller sykler til kirken. Kirkegangen legges inn i søndagsturen. Det betyr at kirkegangen starter når en går ut av døra hjemme. Så får en god bevegelse i kroppen, kommer fram til en rolig stund i kirken der kroppen får hvile, mens sinnet får utfordringer som forhåpentligvis beveger. Etterpå fortsetter søndagssturen, kanskje med å stikke innom noen kjenninger på veien, før en kommer hjem igjen. Da har både kropp og sinn blitt satt i bevegelse. Der det er bevegelse er det liv, der alt står stille er livløshet en sannsynlig mulighet.

At noen skal bruke ei hel uke på å gå til kirke venter jeg ikke, skjønt jeg gjerne anbefaler et sånt prosjekt. Valdres har jo en overdådig rikdom av både natur og kirkehus, samt vennlige mennesker som er vel verdt å møte.

Nå har jeg lyst til å invitere leseren til å bli med opp noen lange bakker fra Begnadalen over til Hedalen. Flere dagers vandring var tilbakelagt. Mat og seng og trivelig lag ble jeg møtt med på Søre Grimsrud kvelden før. Den bratte Gamlebakka var dagens etappe. Artig å tenke på at det var prosten som bodde i Bagn, Hans Jacob Stabel som tok initiativet til veien for ca. 200 år siden.

Etter mange bratte høydemeter når jeg fram til kvilesteinen. Godt å sette seg ned og hvile ryggen mot steinen. Her kan jeg fornemme at mange har sittet før meg.

Det var et fint gammelt veifar oppover, heldigvis mulig å følge takket være enkel blåmerking.

Og det var ikke helt selvsagt at en skulle oppdage det gamle veifar. Den nye tid hadde nemlig gjort sitt innhogg i naturen. Kraftlinja skulle fram – hva er vel da et gammelt veifar når den moderne tid med store maskiner og effektiv graving kommer? Anleggsmaskiner hadde satt tunge spor i mjukt terreng. Gravd tvers over og kutta Gamlebakka flere steder.

Den gamle tid som ikke satte så store spor etter seg er lett å overse. Godt at noen har fortsatt å gå de gamle stier. Sett verdien av myk skogbunn og villet dele det. Ved de enkle blåmerker sier de: «velkommen! – her går du på en verdifult vei som er lett å overse. Ikke følg den nye kraftlinja, men bli med inn i skogen igjen.» Jeg håper den gamle vei fortsatt blir holdt i hevd.



Blå merker er gode å ha når det gjelder å finne Gammelbakka



Kvilesteinen, – et godt sted for hvile og ettertanke.

Tanker kommer når jeg sitter lent mot kvilesteinen. Kanskje er kirkeveien blitt slik som Gamlebakka for mange? De nye veier er så radige å fare langs. Det gamle er ikke så mye å ta vare på når den moderne tid skal fram. Kraftlinjer skjærer over de gamle varsomme veier. Det gamle veifar blir vanskeligere å oppdage og gror lett igjen. Vi skal fort fram og kraft må vi ha i store mengder for å opprettholde den moderne levestandard. Vår velstand øker, våre muligheter i livet mangedobles. Men kan det hende at verdier går tapt i kampen for å effektivisere og øke vel-

standen? For meg er den myke skogsvei med frisk luft og enkel fuglesang en betydelig større opplevelse enn en rask bilreise langs E 16. Jeg sender en vennlig tanke til de som har merket og lagt til rette for denne opplevelsen, uten tanke på personlig vinning. Og når veiens mål er Hedalen stavkirke blir opplevelsen desto større.

Jeg lar opplevelsen få sin overføringsverdi når jeg tenker at vi må fortsette å gå til kirke, holde oppe de gamle veier i både konkret og overført betydning. Kirkene ligger som de har gjort gjennom århunder i Valdres. I sorg og glede har de tatt imot mennesker. Verdier og håp i liv og død har de bidratt med. Det er mye som jakter på vår oppmerksomhet med betydelig sterkere virkemidler enn hva kirken synes å disponere. Likevel må vi fortsetter å holde kirkeveiene i hevd slik at vi ikke glemmer at våre liv hører hjemme i en verden som er skapt og elsket av Gud.

Carl Philip Weisser



Den moderne tid med effektive maskiner tar ikke hensyn til gamle veifar.



Carl Philip fikk god mottakelse i Preststugu ved Hedalen stavkirke av Kjellaug Kjensrud og Gerd Sukke som stilte med sendingskurver med velsmakende innhold.

Lomen stavkyrkje



Laurdag 24. juni opna Lomen stavkyrkje dørene for sommarsesongen, og guiden Inger Eli Vedøy Hemsing tok imot oss med eit stort smil.



Det hadde alt vore fleire besökande denne morgonen, fekk vi høyre, og då vi kom, heldt Inger Eli på å fortelje om kyrkja til to veldig interesserte turistar frå Finland og Tyskland. Ho hadde mykje å fortelje både fakta og historier knytta til kyrkja – på flytande engelsk. Etter kvart kom også samtalen i gang, for desse to hadde mykje å spørje om og også ein del å fortelje. Dei hadde båe vore i fleire stavkyrkjer, ja, den eine hadde som mål å sjå alle stavkyrkjene i Norge.

Inger Eli fortel at mange som besøker kyrkja kan mykje. - Eg lærer noko heile tida, seier ho. - I fjor kom ein tysk arkitekt som lærte meg om konstruksjon, materialar og byggeteknikk. Ein annan tyskar var låsesmed og veldig interessert i den store nøkkelen og låsen her – tyskarane er alltid godt forberedt når dei kjem. Men det kjem alle slags folk, mange pensjonistar, men og familiar med barn og unge par. Det et er folk frå mange nasjonalitetar som besøker kyrkja – forutan Tyskland kjem dei frå Nederland, Belgia, Russland – det har og vorte fleire skandinavar det siste året, også mange frå Norge. Eg trur dei er vorte meir interessert i sitt eige etter kvart. Elles kjem det engelskmenn og amerikanarar, dei er på leiting etter røter. Det mest eksotiske var eit besøk frå Barbados, det var moro – tenk at eg fekk stå der å prate med dei! Eg har møtt så mykje folk – og det er så gjevande – vi lærer av kvarandre – ein vinn – vinnslasjonsj.

Kyrkja har kome til å bety noko heilt spesielt for Inger Eli. Historia sit i veggane og gjer ho ærbödig. Ho skulle ønske ho hadde levd tilbake i tid. Draumen er å studere kunsthistorie, fortel ho, og legg til at ho gifta seg i denne kyrkja.

– I sommar skal kyrkja vere open frå laurdag 24. juni til søndag 20. august, torsdag, fredag, laurdag og søndag frå kl 11.00 til 17.00.

Siste helga er det også stavkyrkjehelg – og då skal det vere forskjellig program i stavkyrkjene i heile Valdres frå kl 11.00 til kl. 21.00.

Som før om åra er det gudsteneste her olsok, og då vert det servert rømmegrøt, fortel Inger Eli.

Vi tar også dette med sjølv om kyrkjebladet ikkje kjem til dykk før sist i august.



Same dagen som kyrkja opna hadde Gro Bjørhei si årlege midtsommarutstilling i den vakre heimen sin. Der kan ein verkeleg drøyme seg bort i naturskjønne og romantiske omgivnader både ute og inne. Folk gjekk rundt og såg på dei nydelige bilda og interiøret i alle rom. I andre etasje hadde Ester Schenker frå Valdres Keramikk ateliér stilt ut vakker keramikk. Folk kosa seg med nysteikte vaflar i det fine veret.

Gro har ivra og jobba for å få opna stavkyrkja om sommaren. Og for eit tun dette har blitt – stavkyrkja og Gros ateliér!


Madonnahovudet i Lomen stavkyrkje



I boka middelalderkirker i Valdres skriv Jahn Børn Johnsen om madonnahovudet:

På alteret står en gipskopi av et nydelig madonnahode fra 1200-tallet. Hodet har trolig vært en del av en hel figur. Maria har bølgete hår og krone med fire takker. Hodet satt en gang oppspikret på veggen over ytterportalen, men var i 1909 satt opp på veggen i koret. Senere ble det plassert på en steinblokk og satt på alteret. Originalen er nå på Valdres Folkemuseum.

Bilde fra boka – foto av Ole Jørgen Liodden/Naturfokus.no



Kirkens Nödhjelps fasteaksjon

Onsdag 5. april møtte årets konfirmantar opp i Lomen, Røn og Slidre for å få utdelt bøsser til årets fasteaksjon. I år skulle pengene gå til rent vann. Som tidlegare var det blide og positive konfirmantar som gjorde ein flott innsats. Totalt kom det inn 22690 kr på nokre aktive timer denne kvelden, fortel Hilde Berge.



På nettsidene kan vi lese dette om fasteaksjonen:

«Vann gir liv, til planter, dyr og mennesker. Men vann kan også ta liv, om det er urent og forurenset. Det er derfor Kirkens Nödhjelp jobber hvert år, hver uke og hver dag for å gjøre rent vann tilgjengelig for flere.

I tillegg er 2017 året hvor vi skal markere at det er 500 år siden reformasjonen startet. Fasteaksjonen er reformasjonsmarkeringen sitt diakonale prosjekt, og sammen med kirker over hele landet skal vi løfte opp vannet som løsningen. For det er vannet som gir liv til planter, dyr og mennesker.»

Nordisk representant bland pavens kardinaler

«Vi lever i en kultur der vi søker tilfredsstillelse i konsumet, i tingene og seksualiteten. Men selv om man har alt, vil mange oppleve en tomhet,» sier Stockholmsbiskopen Anders Arborelius som den 28. juni i år ble innsatt som kardinal hos paven som nordisk representant! (og det er sjeldent!)

Han sier også:

«Alle rammes av et sår. For noen blir det en åpning mot Jesus, mot verden, mot de som lider. For andre blir det en bitterhet.»

Flyktningar og integrering

Bittelitt, ja, for det blir gjerne med det fortel Torill Trøen, leiaren for Røn læringsenter, då eg tar kontakt for å høre om korleis det går med flyktningane og integreringa.

– Det går seint, seier ho. – Mø prøve å få tak i folk til å vere flyktningevene og å hjelpe til med m.a. øvelseskjøring, men det er ikkje lett. Vi er heilt avhengige av at bygdefolk stiller opp – dette klarer ikkje vi som er kommunalt tilsette, alene – lokalsamfunnet må vere med.

Vi veit at mange er positive og vil vere med – det ser vi når vi har arrangement, folk møter opp og synest det er flott det som skjer, som t.d. morsmålsdagen, då var det fullt hus – og vi får gode tilbakemeldingar. Men så gløymer dei uss – det blir med det, bittelitt kjennskap til kvarandre – berre eit «stunt», seier ho. Og vil til slutt få understreke at det er stort behov for flyktningevene, hjelpe med øvelseskjøring og ikkje minst foreldre som kan ta med, kjøre barn på ymse aktivitetar som deira eigne ungar er med på.

Hugs oss og ver så snill å ta kontakt, telefnr. 91520590, seier Torill Trøen.

40 år i kyrkja si teneste

Samtale med Elisabeth Myhre



Elisabeth Myhre sluttar i juni dette året som kyrkjeverje i Vestre Slidre; ein jobb ho har hatt sidan 2006. Men Elisabeth har vore tilsett i Vestre Slidre kommune mykje lenger, ja, nesten heile sitt vaksne liv, i meir enn 40 år, har ho jobba i kommunen – både som organist i kyrkja og som lærar i musikkskulen.

Det er mange som kjem til å sakne Elisabeth; ho har vore trygg og god i jobben, eit ankerfeste og eit arbeidsjarn av dei sjeldne; alltid engasjert, og alltid klar for å hjelpe til, svare på spørsmål og sjå til at alle tilsette og soknerådsmedlemma som har kome og gått, får hjelp og rettleiing. Som kyrkjeverje er Elisabeth medlem av Fellesrådet, dei andre utvala er ikkje hennar ansvar, men også her stiller ho opp, m.a. Kyrkjebladet har nytt godt av at Elisabeth ikkje tel timer og sjeldan ser på klokka; ho gjer mykje meir enn ho er pålagt, og det med eit smil.

Elisabeth vaks opp i Homansbyen i Oslo, men var også ofte

i Valdres der familien hadde hytte på Vennis i Vang. Det var der ho møtte Eivind Myhre – han var odelsgut på garden Sæthe . Etter husmorskule på Leira vart det ekteskap i 1970. Dei budde først i Årdal der Elisabeth var lærar i småskulen, musikklassar og kordirigent. I 1975 flytta familien, som no var blitt fire; Kjell-Olav vart fødd i 1971 og Bjørn-Gunnar i 1973, til Vang. Elisabeth fekk same året jobb som vikar for organisten i kyrkja i Vestre Slidre. Per Værnes var prest der på den tida, og det var kona hans, Judith, som ringte og lurte på om Elisabeth kunne ta jobben, som førte til mange år som organist i Slidre. – Det har vært viktig for meg å spille til gudstjenester og salmekvelder, føler at jeg da er på grunnplanet, seier Elisabeth.

På same tid underviste ho i musikkskulen i piano og cello – ho spelte altså tre instrument! Ho fortel at ho har ein draum om å ta opp cellospelet no når ho blir pensjonist.

Musikken har heile livet vore noko av det viktigaste for Elisabeth. Når begynte denne musikkinteressen og korleis

har ho lært å trakte alle desse instrumenta? lurer vi på.

– Musikkinteressen har jeg fra mor og far, fortel Elisabeth. – Vi satt og sang om kveldene, det var før TV n kom. Jeg gikk i musikkbarnehage, og fra jeg var fem år spilte jeg piano på Barratt Dues musikkinstitutt. Jeg er veldig takknemlig for at mine foreldre lot meg gå der; det var dyrt, og de hadde dårlig råd. På gymnaset gikk jeg musikklinjen. – Men cello; korleis lært du det? – Jeg var også med i et strykeorkester på Bolteløkka skole; da lærte jeg å spille cello; det var mye øving. – Og orgel da; når begynte du med det? – Jeg hadde et stort ønske om å bli lærer, men kom ikke inn på lærerskolen, så jeg tok et lærervikariat som musikklærer i Solund, en øykommune i Sogn og Fjordane; det var etter at jeg hadde truffet Eivind. Kan huske jeg dro fra Bergen i en gammel skøyte og reiste hele natta før jeg kom til Solund, omgitt av hav på alle kanter var det litt av en kontrast!

I Solund var det vanlig at musikklæreren var organist i kirka, så det ble min første jobb som organist. Det var bare å begynne å øve, ja, det ble mye øving, først på egenhånd, men etter hvert tok jeg en del kurs.

I Slidre var Elisabeth organist heilt til 2012 da Are Alund kom. – Det ble nesten et nytt liv, seier ho, – for da fikk jeg fri alle helger. Og det kunne ho trenge, for ho har i alle år jobba på garden ved sida av. – Kombinasjonen



Elisabeth fekk Kongens fortjenestemedalje i 2008

gjorde det veldig travelt i blant, må Elisabeth medgi, – men jeg har trivdes så godt med alt jeg har holdt på med. Gardsarbeidet var Eivind sitt hovedområde, men jeg syntes det var moro å være med; aller best var det på stølen om sommeren. Der er det godt å være; stillhet, vakker natur, og for en fantastisk utsikt! Jeg sitter der og ser hele Vang og Vestre Slidre!

Sidan ho flytta til Vang har ho vore dirigent for Vangs-



Elisabeth ved orgelet i Slidredomen



Elisabeth ved orgelet i Lomen



Elisabeth ved Røn kyrkje

koret, som koret heiter no; det var først Fjellblom sanglag, før det vart slått saman med Øye til Øye og Fjellblom sanglag, og no altså Vangskoret.

Elisabeth har saman med Joan Homme dei siste åra også arrangert songkveldar på Skrøvik grendehus ein gong i månaden; ope for alle og veldig populært.

Ho er også politisk engasjert, har sete fire perioder i kommunestyret i Vang og to perioder på fylkestinget.

Korleis har du greidd alt, lurer vi på, de hadde jo tre ungar også; dei to gutane fekk i 1983 ei syster. Ellen Marie. – Det hadde ikke gått uten støtte fra Eivind; han tok seg mye av ungene da de var små. Det gjorde også mor og far til Eivind, de bodde på garden.

Nei, Elisabeth har aldri vore redd for å ta i eit tak. Ho har alltid likt å arbeide, har heile livet hatt eit brennande engasjement, og det har ho framleis sjølv om ho no som 67 åring gir seg med lønna arbeid. Ho synest det er rart å slutte; det har vore ein prosess, seier ho, men ho er ikkje redd for å få for lite å gjøre; det viktigaste er at ho får meir tid til dei sju barnebarna – og så skal jo koret dirigerast, og frivilligcentralen treng folk. Vi er ikkje i tvil om at Elisabeth kjem til å ha nok å gjøre når ho no blir pensjonist; ho lyser av entusiasme, og så var det jo draumen om cellospel, da! Ho fortel at Eivind er litt bekymra for korleis det blir når ho sluttar; han meiner det kan bli slitsamt.

– Men når jeg nå har bestemt meg for å slutte, er jeg veldig glad for at vi har så mange gode søkere til stillinga, legg ho begeistra til..

– Jeg har vært veldig heldig, som har fått lov til å arbeide med det jeg trives med, seier Elisabeth. – Musikken har alltid vært med meg og kirka ble også etter hvert en livsstil. Som organist og kirkeverge har jeg blitt kjent med mange,

og synes jeg har fått god kontakt med vestreslidringen og de ansatte i kirka. Alle som jobber i kirka må føle seg sett og verdsatt; det har vært viktig for meg som kirkeverge.

Elisabeth har arbeidd saman med mange prestar og vikarprestar; ho hugsar: Per Værnes, Sigmund Lindelkeiv, Åsmund Ljønes, Tordis Ødegaard, Anne Borklevinch, Tore Samuelsen, Stig Jonsbråthen, Georg Johnsen og no Terje Eklund som for tida er vikar for Ola Døhl; han har vore prestevikar her før.

Det siste året har jeg vært nødt til å si opp folk – det har vært vanskelig, synes jeg. Kommunen er veldig samarbeidsvillig og velvillig, særlig når det gjelder å ta vare på kirkebygga og kirkegardene, men det er vanskelig å få ut penger til lønninger.

På spørsmål om kva ho hugsar best frå tida i kyrkja si teneste, kjem det ganske raskt: – 800 årsjubileet for Slidredomen; det var stort! Ho har også vore med og feira både 75 års- og 100 årsjubileum for Lomen kyrkje; det første som organist, det andre som kyrkjeverje.

– I forbindelse med 100 årsjubileet var det også full oppussing av Lomen kyrkje. Også Røn kirke har hatt et stort vedlikehold både ute og inne. Jeg blir vel husket som den kirkevergen som tok trea på kirkegården.

Noko som har vore diskutert er samanslåing av sokneråda til eitt sokneråd for heile kommunen; vi spør Elisabeth kva ho meiner:

– Det som kan sies til fordel for det er at det er vanskelig å få nok folk til å stille på lister: alle er jo så opptatt – det er så mange tilbud.

Men argumentene mot er sterkere; folk føler seg mer knyttet til sitt sokn, og da er det, ikke minst, lettere å få dem ut på dugnad; og dugnadsarbeidet er veldig viktig.

Det blir også mange flere som engasjerer seg, som blir kjent med kirka si og får et forhold til den. Ja, tenk på så mange mennesker som får kjennskap til kirka og kirkelivet; ikke bare medlemmene i soknerådene, men også familiene deres; det er vel det viktigste argumentet for å beholde alle sokneråda.

På spørsmålet om kva ho synest om at så få kjem til kyrkja, ikke minst med tanke på alt arbeid som ligg i å gjennomføre ei messe, svarar ho ganske så kontant: – Vi må framsnakke kirka, snakke om det som er positivt istedenfor å snakke om at det er for lite folk i kirka. Guds-tjenesten er viktig for dem som kommer. Vi må ta dem på alvor og gjøre så godt vi kan for at de som er til stede får en god opplevelse. Den tanken har jeg hatt hele arbeidslivet, den har gjennomsyra arbeidet mitt. Terskelen for å komme til kirka har blitt mye lavere, men dessverre sitter det fortsatt igjen en misforstått oppfatning om at en må være ufeilbarlig for å delta. Det er så viktig at alle slipper inn – kirka må være åpen for det nye og for alle. Min Gud er en inkluderende Gud, ikke ekskluderende, seier Elisabeth like entusiastisk, som vi har opplevd ho i alle år.

L.V. og P.O.E.

Feiring av morsmålsdagen

Imøtekomande handtrykk og spanande matlukter møtte oss i døra då morsmålsdagen vart arrangert på Røn skole ein tirsdagskveld i februar. Morsmålsdagen blir markert kvart år over heile verda for å setje fokus på kor viktig mangfaldet i språket er. Det er om lag 6000 språk i verda i dag, av dei held halvparten på å forsvinne. Det var fyrste gong dagen blei feira i desse lokalene, som er større enn lokalene dei har brukt tidlegare, og arrangørane var spente på korleis oppmøtet ville bli. Det syntet seg at det ikkje var grunn til bekymring; nær 150 menneske møtte – og det måtte leitas frem fleire stolar og bord.

Det vart ynskja velkommen på både norsk, arabisk, swahili, kurdisk, hazara og burmesisk og «Fader Jakob» blei sunge på alle språk som var presenterte i salen. Ei gruppe frå læringsenteret spelte flott musikk med trommer og gitar. Nokon frå gruppa improviserte dansetrinn til og fekk med seg store delar av forsamlinga på dans gjennom heile gymsalen!

Barnekoret song, Minifrikar dansa og Josef Kibui frå læringsenteret fremførte eigenkomponerte songar, før vi fikk ta for oss av det rikholdige og svært smakfulle matbordet. Åh – så mykje mat og så mange gode smakar! Maten hadde læringsenteret laga i saman med 9.klasse ved Vestre Slidre skule, eit samarbeid som hadde vore veldig vellukka.

Medan dei vaksne song allsong fekk borna vere med snøbrettlaget Fjølastubben med Ådne Kolbjørnshus på morosame aktivitetar. Til avslutning fremførte representantar frå Eritrea og Kenya nasjonalsongane sine før det heile blei avrunda med «Ja vi elsker» og Kongesangen. Det var ei spesiell og god stemming på Røn skole denne kvelden, og eg er sikker på at det var fleire enn oss som dro derfra med ei god kjensle inni seg!



KYRKJELEGE HANDLINGAR

april – juli

Døypte	Slidre sokn:	16.04.2017 Ola Bratvold 14.05.2017 Olav Strand Finneberg 04.06.2017 Ines Børslum Rostbøll 25.06.2017 Silje Marie Dalen og Jenny Marie Tvene
	Røn sokn:	01.05.2017 Aksel Hegge Johnsen
Vigde	Slidre sokn:	06.05.2017 Elisabeth Kirkeengen og Atle Finneberg 24.06.2017 Håkon Strømme og Nils Harald Haugli 25.06.2017 May Kristin Dalen og Geir Dalen 01.07.2017 Siv Tone Drevsjømoen og Knut Magne Børve 29.07.2017 Anne Lise Svanheld og Ole Kristian Einang 12.08.2017 Susanne Engemann og Odd Arne Erlandsen
	Røn sokn:	10.06.2017 Nina Gladheim og Olav Raymond Opheim
Jordfesta	Slidre sokn:	13.06.2017 Svein Karl Ski f.1932 02.06.2017 Knut Bråten f.1929 04.08.2017 Ola O. Hjelle f.1921
	Røn sokn:	21.04.2017 Gunvor Hilda Fystro f.1939 13.06.2017 Karin Henriette Fuglei f.1940
	Lomen:	30.06.2017 Svanhild Nilsen f.1916 21.07.2017 Ola Robøle f.1936 01.08.2017 Anne Grethe Melby Hagen f.1948

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er opent: måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.
Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidreprosten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjeverje
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar i Slidre sokn
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjeterar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjeterar i Røn, Øyjar og Lomen sokn Kyrkjeterar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel Ringjar i Slidre Reinhaldar i alle sokna
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje
Odd Jørgen Sørensen	91322796	Kom.valt repr. i Fellesrådet

VIPPS i kyrkja

Færre og færre har kontantar med seg når dei går ut, noko som også berører kyrkja. For å koma i møte utfordringa med å få inn pengar i kollekt har derfor kyrkjene oppretta VIPPS. Det er enkelt og gratis å registrere seg. Ein sender (vippser) pengar med ein app på smarttelefonen. Det er ikkje gebyr for å vippse inntil 5000 kr, men eit gebyr for mottakar. På årleg omsetning inntil 50 000 kr er det 2,5% i gebyr, og så blir gebyret mindre dess større omsetninga er pr år.

VIPPS-nr.: Slidre sokn 109786, Røn sokn 105863.

Lomen sokn får VIPPS etter kvart.

Stell av graver

Vi oppmodar folk til å sjå etter og rydde ved gravstadene dei har ansvar for. Visne blomar o.l. ser ikkje så fint ut. Ta deg ein tur om det er lenge sidan sist! Er det periodar du av ulike årsaker har vanskar med å ordne det sjølv, spør nokon du kjenner om ei hjelpende hand!

Senking av kiste ved gravferd

Ved kyrkjene her i kommunen brukar ein tau når kista skal senkast, før brukte ein senkeapparat. Det har vore stilt ein del spørsmål ved denne ordninga. Vikarprest Terje Eklund har orientert sokneråda om vedtaket som vart gjort i Vestre Slidre september 2010 om å bruke tau ved senking. Det er så stor symbolverdi i det å senke kista med tau og dessutan fungerer det så bra at han meinte det var ingen grunn til å gå tilbake til å bruke senkeapparat.

Beklagelse

Redaksjonen ynskjer å beklage for at så mange ikkje har motteke kyrkjebladet som vart send ut til påske! Vi veit også at det har vore rot med dette ved tidlegare leveransar. Vi arbeider med å få på plass ei betre ordning for levering, og trur det vil vere på plass til julenummeret kjem ut. Som eit lite plaster på såret har vi tatt med nokre av sakane vi hadde med i forrige nummer i dette nummeret også!

Kulturcafé på biblioteket

Torsdag er det kulturcafé på biblioteket i Slidre. Mange på Slidretun tar lunsjpausa si på biblioteket, og på torsdagar får dei underhaldning attåt. Så heldige kan vi andre og vere viss vi besøker biblioteket på denne tida - ofte er det kulturskuleelevar som spelar.



Røn læringssenter stod for underhaldninga torsdag 2. mars.



Vi som var til stades fekk også delta i songen.

Det vart ein veldig triveleg stund med musikk og samtale, og vi vart litt kjende med dei nye innbyggjarane i kommunen.

Årsmelding

Årsmeldinga for 2016 ligg ute på kommunas heimesider, om nokon ynskjer å sjå på den.

Vi er her alltid. Også i sommer.

GI EN SAMTALE TIL EN
SOM TRENGER DET.

Send sms **ALLTID 3** til 2160 (150,-)

Kontonummer: 7011 05 20067



MESSELISTE/KONSERTAR

frå 20.8.17 til 1.1.18

Dato	Stad	Dag	Tid	Teneste	Prest	Takkoffer
20.08.17	Lomen stavkyrkje	11.s. i teeiningstida	13.00	Høgmesse	Prost Carl Phillip Weisser	Måndagstreff
27.08.17	Slidredomen	12.s. i treeiningstida	11.00	Høgmesse Gullkonfirmantar inviterte	Sokneprest Ola Døhl	Barne og ungdomsarbeid
03.09.17	Rogndokken	13.s. i treeiningstida	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
03.09.17	Lomen kyrkje	13.s. i treeiningstida	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl	Redd barna
17.09.17	Slidredomen	15.s. i treeiningstida	11.00	Høgmesse Presentasjon av konfirmantane	Sokneprest Ola Døhl	Konfirmantarbeid
17.09.17	Røn kyrkje	15.s. i treeiningstida	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
01.okt	Røn kyrkje	17.s. i treenighetstiden	11.00	Hausttakkefest/ 4-årsbok	Sokneprest Ola Døhl	
15.okt	Lomen kyrkje	19.s. i treenighetstiden	11.00	Hausttakkefest/ 6-årsbok	Sokneprest Ola Døhl	
21.okt	Slidredomen	Laurdag	19.30	Gjensynstrekk Tween Camp	Sokneprest Ola Døhl	
22.okt	Slidredomen	20.s. i treenighetstiden	12.00	Festgudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	
29.okt	Øyjar kapell	Bots og bønedag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
29.okt	Lomen kyrkje	Bots og bønedag	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
05.nov	Slidredomen	Allehelgensdag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
19.nov	Røn kyrkje	24.s. i treenighetstiden	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
26.nov	Lomen kyrkje	Domssøndag/ Kristi kongedag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
03.des	Røn kyrkje	1.s. i advent	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
03.des	Slidredomen	2.s. i advent	19.30	Kveldskonsert med Røn musikklag		
10.des	Slidredomen	3.s. i advent	19.30	Taizé	Sokneprest Ola Døhl	
24.des	Slidreøya	Julaften	13.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	
24.des	Lomen kyrkje	Julaften	14.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	
24.des	Slidredomen	Julaften	15.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	
24.des	Røn kyrkje	Julaften	16.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	
25.des	Slidredomen	1. Juledag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
26.des	Sjukeheimen	2. Juledag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
01.jan	Øyjar kapell	Nyttårsdag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	

Takkoffer frå og med 17.09 er ikkje sett opp enno.

**Vi tek atterhald om endringar i messeliste.
Sjå «Det skjer» i avis Valdres og facebooksida: Kyrkjå i Vestre Slidre**

